

Mo-stien

Det har i lang tid vore eit ynskje frå Sunnfjord Museum at vi skulle få ei nærare tilknytning til jordbruksskulen på Mo. Vi har meint at tilsaman kan vi syne eit tverrsnitt av næringsliv og busetnad i Sunnfjord frå det førindustrielle samfunnet og heilt fram til i dag. I tillegg ligg Huldefossen på Mo, og på det viset kunne ein samle turistmåla i området. Det har gjennom åra vore gjort fleire forsøk på å få gangveg mellom dei to anlegga. 26. mai i år opna Mo-stien, og ved hjelp av den er mange av desse ynskjemåla oppfylte.

Mo-stien er ein natur- og kultursti mellom Sunnfjord Museum og Mo jordbruksskule. Den er blitt til som eit samarbeidstiltak mellom skogeigarlaga i Jølster og Førde, Sogn og Fjordane Skogeigarlag, Sogn og Fjordane Bondelag, landbruksavdelinga hos Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, Sogn og Fjordane Skogselskap, Førde kommune, Sunnfjord Museum, Sunnfjord Energi og Mo og Jølster vidaregåande skule.

Langs den om lag 3 km lange stien er det laga til emnepostar, der ein med utgangspunkt i det ein ser i naturen

rundt seg, får informasjonar ved hjelp av tekst og bilete. Emna er mange, nokre er generelle, andre har ei meir lokal tilknytning.


Dei første 300 metrane etter at ein har forlatt parkeringsplassen på museet, fylgjer stien traseen til "Den Trondhjemske Postvei" som vart oppretta i slutten av 1780-åra og gjekk mellom Bergen og Trondheim. Postvegen er i seg sjølv eit verdfullt kulturminne som er viktig å ta vare på. Ulike prosjekt har vore gjennomført for å betre tilgjenge til vegen og å informere om den. Postvegstrekinga mellom Førde og Gaular er eit døme på dette.

Etter at stien tek av frå postvegen går den som skogssti gjennom skogen inn mot Mo Jordbruksskule. Den går først gjennom eit område som museet skal nytte som stølsområde. Topografien eignar seg godt til dette. Her kan ein lage ein illusjon om å vere på fjellet på grunn av at ein ikkje har visuell kontakt med resten av museumsområdet. Like ved den planlagde stølsvollen står det ei eiga tavle der stølsdrifta vert forklart.

Dei store høgdeforskjellane i fylket vårt er blitt utnytta ved at fleire gardar har to eller tre stølar. Vårstølane som blei nytta vår og haust, låg nærast garden, medan sommarstølane låg oppå fjellet. Slik kunne kvar gard ta i bruk eit landskap som strekte seg frå nokre få til omkring tusen meter over havet.

To stølssystem har vore rådande på Vestlandet. På *fullseterbruket* var folk på stølen heile sommaren, og dei foredla all mjølka til ost, rømme eller smør på setra. På *mjølkeseterbruket* gjekk dei opp og ned til stølen kvar dag, slik at tilverkninga av produkta føregjekk på garden og ikkje på stølen. I Sunnfjord har dei indre bygder stort sett hatt fullseterbruk, medan dei ytre har hatt mjølkeseterbruk.

På veg gjennom skogen vil du elles få informasjon om andre måtar å utnytte utmarka på, mellom anna til hjortejakt, og dei ulike treslaga og jordsmonn ein passerer. I skogen er det gode døme på einer, lauvskog, planta gran-skog og naturleg furuskog. Furua kom til landet for nærare 9000 år sidan. Den finst i heile fylket, frå øyane i Solund til høgfjellet i indre Sogn, der den veks opp til ca. 900





Under folkemusikkfestivalen i år, vart Mo-stien tatt i bruk som konsertarena. Fleire stader langs stien sto det musikarar og spela for turgåarane. Mange hundre festivaldeltakarar tok del i denne turen som vart leia av sekkepypespelaren Fred Morrison frå Hebridane. (Foto: Terje Engevik)



Langs stien er det sett opp fleire emnepostar der ein kan få meir kunnskap om det ein ser rundt seg. (Foto: Asbjørn Tjysen)

meter over havet. Furua veks på nesten alle jordbottilhøve, men utviklar seg best på middels næringsrik jord og med mykje lys. Særleg når furua er ung veks den raskt.

Etter at stien kjem inn til innmarka på Mo, går den forbi økohagen og ned til vatnet. Deretter følgjer den vatnet og elva opp mot Huldefossen. Økohagen på Mo starta i 1982, og i dag er den 8 dekar stor. Hagen er fråskild den andre drifta på Mo med leplanting i nordaust, natursti i nordvest og driftsveg i søraustleg retning. Det er viktig med eit fysisk skilje mot resten av garden for at det skal vere i samsvar med regelverket for økologisk drift.

Hagen har eit allsidig vekstskifte med grønnsaker, poteter, korn, grønfôr og eng. I tillegg er det litt bær og krydder. Vekstskifte er å veksle mellom vekstar som gir næring til jorda og vekstar som tærer på næringsinnhaldet i jorda. Eit vekstskifte er også viktig for å hindre sjukdomsangrep og for å redusere ugrasmengda i åkeren. I sesongen får du kjøpt økologiske varer i utsalet ved gartneriet.



Frå stien har ein god utsikt til Huldefossen som er eit av dei mest populære turismåla i området. (Foto: Asbjørn Tjysen)

Stien går over Bruaogjen, eit høgdedrag mellom husa på Mo og elva. I Bruahogjen er det gjennom tida planta ulike tresortar frå utlandet, som no blir nytta i undervisninga. Det er som eit forsøksfelt å rekne der ein kan finne ut om dei trivst i sunnfjordklimaet. Ein god tommelfingerregel i denne samanheng har vore "nord og ned". Når eit treslag vert flytta nordover må det samstundes flyttast nærare havoverflata enn der det veks naturleg.

Etter at Mo-stien opna, er det mange – både fastbuande og turistar - som har nytta seg av tilbodet. Informasjonstavlene er blitt eit fint tilskot til eit i utgangspunktet ypparleg turområde. Her kan ein nyte utsikta over Mo-vatnet eller Huldefossen, rusle usjenert, plukke bær og sopp alt etter kva årstid det er, og samtidig få større kunnskap om det området ein går i.

Asbjørn Tjysen